
Saksnr: 2022/61761-73
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		17.11.2022

Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Fordeling 2022

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver kr 6.980.000,- frå Kulturelt utviklingsprogram slik:

	Søkjjar	Prosjektnamn	Søknadssum	Tilråding	Merknad
2	ALT GÅR BRA	Kunst i de tusen hjem	600 000	200 000	
6	BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD	Utvikling av ro- og padletilbod i kystleden (kystleia)	1 500 000	300 000	
19	FOSSE-STIFTINGA	Fosse-stiftinga - prosjektlear	600 000	350 000	
25	HISTORY DISPOSAL UNIT	Wrap Satellitt	1 063 570	750 000	
27	JENSBUA KYSTKULTURSENTER AS	Jensbua - bygningsvern- og kystkultursenter i Sunnfjord og Ytre Sogn	530 000	250 000	
28	KAPELLANKÅKEN AS	Kappelankåken AS: Langs linjo.	300 000	150 000	
29	KIOSKENSTUDIO	Kiosken 2023	500 000	250 000	
32	LITTERATURBÅTEN EPOS	Litteraturbåten Epos	1 600 000	300 000	For 1 år
34	Lydbruket v/nyMusikk Bergen	Lydbruket Vest 2023-2025	600 000	450 000	
35	LYDGALLERIET	Soniske erfaringer- formidlinger av lyd	375 000	150 000	
39	NATTJAZZ	Jazzmetoden. Prosjekt for utvikling av unge talent og arrangørar.	1 500 000	300 000	For 1 år
39	NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND SOGN	Friluftsliv for barn og unge	400 000	200 000	
41	NORSK FORFATTERSENTRUM	Litterært springbrett hovedprosjekt	450 000	150 000	For 1 år
45	OSELVARVERKSTADEN	Utvikling av Nasjonalt Oselvarsenter	1 900 000	450 000	For 1 år

51	STIFTELSEN BERGEN DANSESENTER	Styrking av Dansenett Norge i Vestland 23-25	900 000	750 000	
55	Stiftelsen lenken. Gestapohuset og Espeland fangeleir.	Politi i krig og fred	133 333	130 000	
57	STIFTELSEN NYE FYLLINGSDALEN TEATER	Fyllingsdalen Teater - Cirkus Balance	1 200 000	600 000	
61	STIFTINGA MUSEUMSENTERET I HORDALAND	Blodig alvor/Havrå- Interaktiv læringsopplevelse (arbeidstittel)	1 000 000	800 000	
64	SUNNHORDLAND MUSEUM	Eit mangfoldig VI. Representasjon og formidling av kulturarv i ei ny tid.	290 000	150 000	
66	Tone Einelia og Petra Rahm	Demokratiet, kunsten og staden	1 200 000	300 000	For 1 år
	SUM		16 888 803	6 980 000	

Følgjande søknadar blir ikkje innvilga:

	Søklar	Prosjektnamn	Totale utgifter	Søknadssum
1	AERIAL	aerial programme 2022 - 2023	800 000	500 000
3	BERGEN KOMMUNE	Kultur og livskvalitet for eldre - forprosjekt	1 250 000	600 000
4	BERGEN KORNETTENSEMBLE	Bergen Kornettensemble	300 000	300 000
5	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Mangfold og inkludering	425 000	300 000
7	BERGEN VITENSENTER AS	Vitensshow 2.0: Kunst i realfagsformidlingen	451 500	300 000
8	BILDENDE KUNSTNERES FORENING HORDALAND	Regionalt samarbeid for billedkunstnere	845 860	350 000
9	BOREALIS	Radical Listening – Increasing Impact	1 893 204	850 000
10	BRASSWIND	BrassWind	1 500 000	690 000
11	CONE 7- CERAMICS WORKSHOP AS	CONE 7- CERAMIC WORKSHOP// RESIDENCY PROGRAM 2022-2023	524 490	223 500
12	Danja Burchard	Dissident Publics: Future Artefacts of Queer Methodologies	1 774 000	455 000
13	Danja Burchard	NOGOODS	710 000	315 000
14	Fana Idrettslag	Slåtthaug Arena	1 413 699	1 200 000
15	FJORDKYSTEN REGIONAL- OG GEOPARK	Forprosjekt Norsk Dark sky park	560 000	300 000
16	Fjordportalen AS	UNESCO Verdsarvsenter - Nærøyfjordområdet	1 400 000	600 000
17	FORENINGEN TRYKKERIET	Grafikk, en kilde til ytringsfrihet i fortid og nåtid	1 353 200	1 200 000
18	FORENINGEN V-O-L-T	Ettårig program	2 929 000	500 000
20	FROSTENSSONS ENKELTPERSONFORETAK	Stilla	100 000	65 000

21	FØRDE BYGDALAG	Restaurering av Tinghuset i Førde fra 1881	1 360 000	100 000
22	Gestapomuseets forening	Etablering permanent frivillighetscenter og sikring av areal for utviklingsprogram	181 910	45 477
23	Grønningen	Co-festivalen Grønningen	900 000	300 000
24	HARDANGER OG VOSS NÆRINGSHAGE AS	Medaljebygda Voss - walk of fame	437 200	235 000
26	INSTE ALMÅS KULTUR AS	Vårslepp - kunstmøter for barn og ungdom	8 950 000	900 000
30	KUNSTBYGDA BALESTRAND AS	Kunst og kunstnarkoloni som drivkraft i lokal og regional samfunnsutvikling	5 100 000	1 500 000
31	KUNSTGARASJEN	Billedkunst på Fitjarøyene: residens og kunstformidling i et levende kulturlandskap	1 305 000	900 000
33	LORIE BALLAGE	Galleri Kronborg	366 145	144 145
36	MEMOAR - norsk organisasjon for munnleg historie	Forprosjekt Nordisk senter for munnleg historie - i Bergen	1 120 812	494 832
37	MOSTER 2024 AS	Verdisamtalen - 1000 år etter	3 060 000	750 000
40	NORSK FERIE BYGGMEISTAR GODSKALK SELAND DA	Kulturhistorie	300 000	300 000
42	NORSKE KUNSTHÅNDVERKERE VEST-NORGE (NKVN)	KraftLab	2 431 158	800 000
43	NORWAY FRINGE FESTIVAL AS	BERGEN FRINGE FESTIVAL x EVENTYR I PARKEN	740 000	400 000
44	OET VATSHELLE	Bjørnafjorden Pride 2023	300 000	150 000
46	OSELVARVERKSTADEN	Utvikling av VR-basert læringsplattform	950 000	250 000
47	ossian AS	Ossian Læringsfelleskap	1 000 000	500 000
48	Rosendalstiftinga	Ein audiovisuell presentasjon av kunstnaren Lul Krag	643 000	304 000
49	SCENISK FIKSJON AS	Jorden 2.0 – klar for landing	1 848 000	500 000
50	Stend Videregående skule	Friluftsliv for Kvardagsliv	130 000	130 000
52	STIFTELSEN BERGEN KJØTT	GRIP 2022-25: EMPOWERING DIVERSITY IN SOUND ENGINEERING IN VESTLAND	4 500 000	1 500 000
53	STIFTELSEN BIT20 ENSEMBLE	Elektromekaniske lydmaskiner	602 000	300 000
54	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Nyskapende formidlingsopplevelser på Hordamuseet med inspirasjon fra "Farmen" og Escape room"	1 200 000	1 200 000
56	STIFTELSEN LITTERATURHUSET I BERGEN	Bergen Slampoetry Festival	970 440	300 000
58	STIFTINGA BERGSLIMINNE	Bergslien kunstsenter	800 000	500 000
59	STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST	STARTGROPA - unge klassikarar frå Vestland	378 000	300 000
60	STIFTINGA KYSTKULTUR NO!	Kystkultur.no - frå utviklingsfase til lansering av 1.0-utgåva	750 000	350 000

62	Stina Lunde	Bærekraftig kulturproduksjon - et ressurs- og kompetansesenter for film-, teater-, og scenekunstproduksjon.	2 000 000	260 000
63	SUNNFJORD KOMMUNE, Rom for ord	Lik og del ei god bok!	675 000	300 000
65	TEKSTALLMENNINGEN AS	Kulturtidsskrifter fra og til hele Vestlandet	1 000 000	240 000
67	VENØ GÅRD KUNST	VENØ GÅRD KUNST: REGENERATIVE VISJONER	1 024 100	646 900
68	Vestlandske Teatersenter	VT i hele Vestland	360 000	300 000
69	VIBEKE FLESLAND HAVRE	Bergen Boergerscene	2 200 000	400 000
70	VOSS HERAD	UNGVossaklimaKUNST	1 000 000	500 000

Samandrag

Generelt	
Budsjett 2022:	7 200 000 kroner
Kan avsettast til prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:	500 000 kroner
Søknadsfrist 2022:	1.september
Vedtak kriteria og programområde:	Hovudutval for kultur, idrett og inkludering, PS 70/2020
Informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Fordeling 2022:	
Tal på søknadar:	70
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	20
Samla søknadssum:	41 240 757 kroner
Tilrådd fordeling	6 980 000 kroner

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

David Johannes Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Vedlegg. KUP 2022. Søknader og grunngevingar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

KUP er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Vestland, og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet. KUP er eit supplement til Vestland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad.

KUP vart etablert i Hordaland fylkeskommune i 2010 og hadde fram til 2019 mellom 50 og 90 søknadar årleg. Etter etableringa av Vestland fylkeskommune har tal på søknadar og samla søknadssum vore følgjande:

År	Tal søknadar	Samla søknadssum
2020	44	16 458 688 kroner
2021	55	30 003 365 kroner
2022	70	41 240 757 kroner

Avdelingsdirektøren vurderte i 2020 den pågåande koronapandemien til å vere hovudårsaken til at tal på søknadar var mykje lågare enn forventa. Auka i tal søknadar i 2021 vart vurdert som både eit signal om at vi var på veg mot ei meir normal kvardag i kulturlivet etter ei tid med mange restriksjonar i tillegg til at informasjon om ordninga hadde nådd betre ut til innbyggerane i heile fylket.

Både tal på søknader og samla søknadssum har ei sterk vekst i 2022. Avdelingsdirektøren vurderer dette som tydeleg signal om at vi er tilbake i ei meir normal kvardag i kulturlivet etter 2 år prega av pandemi og mange restriksjonar.

Inhabilitet på seksjon for Kunst- og kulturutvikling (KII)

KUP involverer fleire fagfelt og involverer såleis fleire seksjonar på KII under sakshandsaminga. Seksjon for Kunst- og kulturutvikling har ansvar for koordinering av seksjonane under sakshandsaminga og vidare ansvar for oppfølging av ordninga. Ein medarbeidar på seksjon for Kunst- og kulturutvikling (KII) meldte seg sjølv som ugild i sakshandsaminga rett etter søknadsfrist. Dette fordi han har vore sterkt involvert i ein av årets KUP-søknadar. På bakgrunn av dette vart seksjon for juridiske tenester bedt om å gjere ei vurdering av saka.

Tilbakemelding frå seksjon for juridiske tenester var at den aktuelle medarbeidaren er ugild i handsaminga av årets KUP-midlar. Problemstillinga var om dette gjorde resten av seksjonen ugild.

Situasjonen fører ikkje til automatisk inhabilitet for resten av seksjonen etter forvaltningslova (fvl. § 6) første ledd. Spørsmålet er om kollegarelasjonen til søkjar/medsøkjar og relasjonen mellom seksjonssjef og søkjar/medsøkjar på ein annan måte utgjer eit «særeg[ent] forhold ... som er egnet til å svekke tilliten til at [seksjonssjef/sakshandsamarane] handsamar tilskotssøknadane på ein upartisk måte.

Justisdepartementet har uttalt følgjande om habilitet i kollegiale relasjonar i JDLOV-2018-4648:

«Når det gjelder kollegiale relasjoner som oppstår gjennom samarbeid i arbeidssituasjoner, er det antatt at dette normalt ikke i seg selv fører til inhabilitet, jf. Frihagen, Inhabilitet etter forvaltningsloven (1985) s. 233, jf. s. 346. Selv et nært politisk samarbeid som tidligere har funnet sted, vil oftest ikke i seg selv føre til inhabilitet. Et slikt nært samarbeid vil også ofte ha skapt en viss omgang utenfor arbeidssituasjonen, uten at dette heller nødvendigvis medfører inhabilitet. Det må her som ellers likevel foretas en bredere vurdering av omstendighetene i saken.

Det er altså slik at kollegarelasjonane i denne saka ikkje aleine vil vere eigne til å svekke tilliten til at resten av medarbeidarane på seksjonen, inkludert leiar, er ugilde i saka (annleis kunne det vore om det var seksjonssjef som var søkjar i saka).

Sjølv om det ikkje, reint objektivt sett, føreligg særeigne forhold som må føre til ugildskap her, så vart konklusjon at det er betre for VLFK sitt omdøme, og betre for næraste leiar (seksjonssjef KIU) og

andre medarbeidarar på seksjonen, å la annan seksjonssjef førebu innstilling i saka. Spørsmålet om gildskap i linja er vurdert slik at det ikkje gjeld andre seksjonssjefar, og heller ikkje overordna leiing (avdelingsdirektør).

Samla tildeling i 2022

Samla tildeling i KUP står i budsjettet for 2022 oppført med 7 200 000 kroner. Frå denne summen er det trekt frå 220 000 kroner på bakgrunn av vedtak i [PS 122/2022](#). Det var i denne saken handsama 3 klager om avslag på driftstilskot for 2022. Klagene vart teke til følgje og 220 000 kroner vart med dette trekt frå 450900 Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Dette innebar at samla tildeling av KUP-midlar i 2022 vart redusert til 6 980 000 kroner for året 2022.

Overordna kommentarar til innstillinga

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedtekne gjennom regional plan for kultur i Hordaland 2015–2025; PREMISS: KULTUR, og i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027; Kultur for alle. Desse planane vil gjelde i det geografiske området dei er vedteke i fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteken. Vidare vil PREMISS: KULTUR og Kultur for alle liggje til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar og er saman viktige reiskap i vurderinga av KUP-søknadene.

Kulturelt utviklingsprogram involverer tett sakshandsaming på tvers av seksjonar i Avdeling for kultur, idrett og inkludering. Seksjon for kunst- og kulturutvikling administrerer samarbeidet.

Det er sett opp følgjande vilkår som søknadane har vore vurdert opp mot:

Absolutte kriterium:

- Søknaden skal vera innretta mot eit eller begge programområde:
 - A. Formidling og deltaking
 - B. Samordning og samhandling
- Søknaden skal ha betydning for større regionar eller heile fylket

Dersom ein søknad vert tilrådd støtte, er dei absolutte kriteria innfridd. I tillegg vert søknaden vurdert ut ifrå følgjande kriterium:

Skjønsmessig vurdering:

- i kva grad prosjektet har resultat som bidreg til å oppfylle mål i programområdet
- i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
- i kva grad prosjektet vil føre til meirverdi for kultursektoren
- i kva grad prosjektet klarer å bli synleg - i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft og gjennomføringsevne
- i kva grad ein har lukkast med å samarbeide med andre og på tvers av kultursektoren
- i kva grad ein kan oppnå full prosjektfinansiering (nasjonal/internasjonalt)
- i kva grad ein har tatt med vurdering av eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden (varig drift)

Blant dei 2 programområda i KUP er det satt inn fleire døme på kva type tiltak og prosjekt dei rettar seg mot:

- A. Formidling og deltaking
Dette programområdet skal særleg rettast mot tiltak og prosjekt som
 1. prøver ut nye former for formidling
 2. prøver ut metodar og tiltak for auka deltaking og publikumsutvikling
 3. styrker mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging
 4. styrker arbeidet med ungdom som publikum, deltakarar og kulturbrukarar
- B. Samordning og samhandling
Dette programområdet skal særleg rettast inn mot tiltak og prosjekt som
 1. utviklar tenlege plattformer og arenaer for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanse

2. utviklar møteplassar og samarbeidsmodellar der frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg og profesjonell sektor
3. legg til rette for samarbeid, synergieffektar og kompetanseoverføring mellom kommunar, frivillige organisasjonar, etablerte institusjonar og det frie profesjonelle feltet.
4. styrker kunst- og kulturtilbodet og arrangørkompetansen i fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større kulturaktørar og mindre miljø
5. utviklar pilotprosjekt som er tverrfaglege og som fremjar fellesproblemstillingar som knyt saman idretts- og kulturlivet
6. utforskar nye samarbeid og samspelsformer mellom ulike kunstartar og kulturformer

Det er fagleg og kunstnarleg breidde i dei tilrådde løyvingane, og dei fleste sjangrar / felt innan kulturlivet er representerte. Det har vore ei samla høg søknadssum og fleire gode prosjektsøknadar og med det har det vore ei svært krevjande sakshandsaming knytt til prioritering.

Alle tilrådde prosjekt har sterk relevans i programområda og oppfyller viktige kultursatsingar i Vestland fylkeskommune. Vidare har dei utvalde prosjekta ein klår prosjekttanke og tydelege utviklingsmål.

Ei problemstilling som har vore viktig å forhalda seg til i KUP er ei evt. vidareføring av tiltak som får KUP-midlar. I kva grad søkjar har tatt med ei vurdering av avslutting av prosjektet og eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden er såleis eit viktig vurderingsmoment. Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett er stramt og med lite høve for å få inn nye aktørar for driftsstøtte.

Det er også tilrådd støtte til forprosjekt i denne saka. Det er her viktig å understreke at ei løyving til eit forprosjekt ikkje gir bindingar for vidare støtte av eit eventuelt hovudprosjekt. Dette gjeld verken gjennom KUP eller andre prosjekttilskot.

Nokre av søknadane gjeld støtte til tiltak som ligg for tett på ordinære driftsoppgåver. Generelt vert det stilt krav til kunst- og kulturinstitusjonar om løypande arbeid med vidareutvikling. Dette gjeld også ved tildeling av driftsstøtte. For søkjarar som mottar driftsstøtte vil det være særleg krav til utviklingsperspektiv utover det som kan forventast innan driftsramma.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med avdelingsdirektøren sine vurderingar samt grunngjeingar i søknadsoversikta som følgjer som vedlegg til saka. Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei individuelle grunngjeingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Avdelingsdirektøren kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#) set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at 6 980 000 kroner vert løyvd til og fordelt til 20 av prosjekta blant dei 70 KUP-søknadane.